



Facebookgrupper i foreldregruppa

Medlem og ansvar

- Alle føresette i ei klasse/årskull skal ha rett til å vere medlem i gruppa
- Årets foreldrekontakt er saman med vara administratorar i gruppa
- Administratorane i gruppa må kvar haust ta ansvar for å gå gjennom medlemane i gruppa sik at nye medlem vert lagt til, og ev. gamle vert tatt vekk
- Vi viser ansvar, omsorg og respekt for kvarandre! [Skulen sine mobil- og nettvettreglar gjeld](#) saman med [foreldreforventningane FAU har laga](#) for foreldregruppa
- Innlegg som kan verke støytande, eller inneheld sensitiv informasjon om elevar, foreldre eller tilsette ved skulen vil kunne bli sletta av administrator av gruppa. Dersom ein skal slette eit innlegg skal det være semje mellom administratorane. Ved usemje eller usikkerheit kan det konfererast med leiar og nestleiar i FAU. Desse kan løfte saka opp som eiga sak for FAU
- Rektor kan kontaktast av både foreldrekontaktar og FAU dersom ein opplever at ei FB-gruppe vert nytta på ein måte som vert negativt for foreldresamarbeidet, elevane sitt skulemiljø og skule-heim samarbeidet.
- Tilsette på skulen skal ikkje vere medlem i FB-gruppene.

Kva kan Facebook-gruppa brukast til?

- Samarbeid og open dialog i foreldregruppa der målet er godt lærings- og skulemiljø for alle elevane i årskullet og på skulen
- Informere om FAU -saker, eller melde inn aktuelle saker til FAU og foreldrekontaktane
- Invitere til sosiale tilstellingar for klassa (t.d. bursdag eller andre aktivitetar for klassen og elevane på fritida)
- Dele nyttig informasjon som er aktuell. T.d. om lekser, aktivitetar, utstyr m.m.
- Påminning om møter og andre samkomstar i klassa /årskullet
- Informasjon som blir lagt ut i gruppa skal ikkje delast ut av gruppa